

# **Referat frå soknerådsmøte i Moster (AU i Moster)**

## **tysdag 21.04. 2020 kl.19:00**

Desse møtte: Rune Sivertsen, Gunnvald Bjotveit og Aksel Lygre.

Grunnlag for slik sakshandsaming: Basert på tilbakemeldingar frå soknerådet og råd frå styringsmakter, forstår me det slik at AU fungerer som vedtaksorgan for soknerådet, i analogi med fullmakter for sommarferien. Soknerådet elles var bedne om å vera tilgjengelege på telefon og messenger på oppsett tidspunkt.

Andakt ved Aksel. 2, Tim 1,7. Oppmoding om å ikkje vera motlause i ei vanskeleg tid. Bad ei inkluderande bøn for kyrkje og folk.

### **Sak 26 – 2020 Godkjenning av møtebok frå 23.03.20 og av innkalling.**

Møtebok frå 23.03.20 vart godkjend utan merknad. Innkallinga godkjend med tillegg av sak 31: Kvarttalsrapport, 1. kvartal 2020, sak 32: Fordeling av takkoffer frå strøymegudstenester, sak 33: Tydeleggjering av føremål for takkoffer i strøymegudstenester og sak 34: Skifting av glas i Moster kyrkje. Gunnvald Bjotveit vart vald til referent frå møtet.

### **Sak 27 – 2020 Oppfølging av tidlegare saker.**

Årsmøte: Årsmeldinga for 2019 er lagt ut på kyrjekontoret si heimeside og var tilgjengeleg i Moster kyrkje før nedstenging av kyrkja. Dermed meiner vi at plikta til offentleggjering er innfridd i denne spesielle koronatida.

I trusopplæringsutvalet er det framleis litt for få medarbeidarar. Ein ny person er spelt inn. Aksel tek kontakt.

Måling og anna vedlikehald av kyrkja. Sjå ny sak nr. 34.

Innkalling av kyrkjemusikalsk utval til soknerådet er utsett til møte til hausten.

Oppnemning av nokon som sender foto og tekst til heimeside til Kyrkja utsett til møte i mai.

Fastsetjing av datoar og stad for temakveldar vert utsett til møte i mai. Men så langt arbeider vi for ein kveld med bibellesing, ein bibeltime og ei forbønsgudsteneste som kan gå som strøymeteneste frå Moster kyrkje, dersom det let seg gjera reint praktisk.

Fastsetjing av dato for opplesing av bibeltektar vert utsett til møte i mai.

Innrapportering av behov frå sokneråd til fellesråd. NB! Soknerådsmedlemmer og vararepresentantar vert bedne om å koma med innspel til tiltak/vedlikehald i Moster kyrkje til neste møte i mai. Slik får vi eit godt grunnlag for budsjettet til fellesrådet.

### **Sak 28 – 2020 Markering av 17.mai**

Frå sentrale styringsmakter er det vanlege opplegget med feiring av 17. mai avlyst. Aksel orienterte om eit fellestiltak for kyrkja på Bømlø som er lagt til rettes av staben ved kyrjekontoret på Bømlø. Ei strøymegudsteneste vert sendt 17. mai kl.11.00 med opptak frå dei 4 kyrkjene og Rubbestadneset bedehus. Ordføraren i Bømlø vil ha ei helsing i tilknytning med gudstenesta. Så langt ligg det an til at dette vert ein del av eit felles opplegg for Bømlø kommune.

### **Sak 29 – 2020 Diakoni i denne tida**

Mykje av det diakonale arbeidet kyrkjelyden gjer gjennom frivillige og tilsette, er det i denne spesielle tida ikkje mogleg å fylgja opp. Men dei menneskelege og åndelege behova vert ikkje

av den grunn borte. Moster sokneråd oppmodar difor til at me prøver å finna vegar til å visa omsorg for kvarandre i noverande situasjon, ved at:

- me ringer til kvarandre,
- me ber for kvarandre og for verda,
- me ser særleg til naboen,
- me gir pengar til organisasjonar med diakonalt arbeid og misjonsarbeid,
- me tek del i gudstenester på nettet og hjelper andre til det same,
- me legg vinn på godleik mot dei næraste,
- me leikar og har det moro saman, ikkje minst med borna,
- me hjelper kvarandre praktisk med det me kan,
- me fylgjer dei offentlege helseråda.

Aksel formidlar innhaldet i denne saka til Bømlo-nytt

### **Sak 30 – 2020 Referat og meldingar**

- **Gjennomføring av KN-aksjonen. 38 167 er kome inn per 06.04.20.** Desse pengane har gått direkte til KN og vert slik ikkje synleg i vårt rekneskap. Men det kjem med i årsmeldinga for 2020.
- **Orgelkomiteen:** Mail frå Mona Ingvaldsen Hodne, leiar i orgelkomiteen, 20.04.20 fortel at det var opning av tilboda for nytt orgel i Moster kyrkje same dag. De låg føre tilbod frå 7 leverandørar. Etter ei grundig vurdering av orgelkonsulent og kyrkjevevje skal det seinast 18.05.20 velgjast leverandør og seinast 04.06.20 skal det skrivast kontrakt under føresetnad for at dei aktuelle partane kan møtast p.g.a. reiserestriksjonar no i koronatida. Det er kjekt å oppleve at arbeidet med nytt orgel er i god rute. Takk for god oppfølging, Mona!
- **Frå fellesrådet:** Ikkje noko nytt å melda
- **Nye datoar for konfirmasjon er 26 og 27.09. (Førebels)** Kan verta aktuelt med meir oppdeling.
- **Meldingar ved soknerådsleiar, sokneprest eller andre.** Ikkje noko å melda.

### **Sak 31 -2020 Kvartalsrapport, 1. kvartal.**

1. Det er kome inn kr. 90.150,- til nytt orgel.
2. I sak 7 i møtet 18.02.20 står det: «I komande rekneskap, både kvartalsrapport og årsrekneskap, bed soknerådet om at inntekter og utgifter for orgelkomiteen vert spesifisert». Kasseraren vert beden om å formidla dette til rekneskapskontoret.
3. Underskotet på ordinær drift er kr. 648,-. Det skriv seg serleg frå nedstenginginga av gudstenester og at det som er kome inn på dei felles strøymegudstenestene ikkje er fordelte enno.
4. Vi bed om at dei aktuelle overføringane frå desse felles strøymegudstenestene må vera datofesta for kvar sundag. Vidare bed vi om at desse midlane vert overført så snart som mogeleg. Aksel formidlar dette til rette vedkomande.
5. Kvartalsrapporten vart teken til vitande

### **Sak 32 – 2020 Fordeling av takkoffer frå strøymegudstenester.**

1. Midlane som kjem inn via Vipps på dei felles strøymegudstenestene, vert fordelte på dei 4 sokna etter den vanlege fordelingsnøkkelen som er slik: Bremnes 50%, Moster 25%, Bømlo 15% og Lykling 10%. Det tilsvarar folketalet i kvart sokn.
2. Desse midlane skal då gå til det oppsette offerføremålet som soknerådet har i sitt offervedtak for sine oppsette gudstenester.

### **Sak 33 – 2020 Tydeleggjering om føremålet med takkoffer frå strøymegudstenester.**

Føremålet for takkoffer i strøymegudstenestene må gjerast tydeleg i kunngjeringane i gudstenesta, på kyrkja si heimeside og i gudstenestelista i Bømlo-nytt. Aksel tek saka vidare.

### **Sak 34 – 2020 Skifting av glas i Moster kyrkje.**

Brev frå kyrkjevevja i Bømlo av 21.04.20, vedlagt referatet, om måling, vedlikehald og skifting av glas i Moster kyrkje. I utgangspunktet skal alt vedlikehaldsarbeid gjennomførast i sommar. Planen er då å få kitta opp alle glasa. Eit svært arbeidskrevjande arbeid.

Kyrkjevevja føreslår å skifta glasa i kyrkja i staden for å kitta glasa. Ved å skifta ut glasa så vert dei mykje tettare enn ved kitting og ein vil spare mykje på straumforbruket i åra som kjem.

Under drøftinga av denne saka hadde vi tlf-kontakt med nokon i soknerådet og refererte saka for dei. Etter felles drøfting, var vi samde om å støtta framlegget frå kyrkjevevja.

Både p.g.a. førebuing og arbeidsmengda og auka kostnaden, så finn vi det naturleg å dela det totale arbeidet opp på to år. I 2020 vert det måling og skifting av skada vindskier, bordkledning og manglande takstein. I 2021 vert så glasa skifta. For oss er det då ein klar forutsetnad at skiftinga av glasa ikkje vert utsett vidare enn eit år.

Gunnvald Bjotveit  
referent